Dette var Roy Høyers 2. sesong som Bryn-trener, og årets primære mål var å holde det unge Bryn-laget i 3.div. Etter å ha møtt sterk motstand i vinter-cupen og fått en tidlig exit derifra, møtte Bryn heller dårlige treningsmotstandere frem mot seriestart. Laget vant og møtte sjelden noen sterk motstand. Når serien startet fikk vi igjen for dette, selv om det gikk ganske bra på vår sesongen. Halvveis i sesongen lå vi på 8. plass, og med tanke på den gode høstsesongen vi hadde året før så dette lyst ut. Desverre ble det ingen repetisjon på forrige høst dette året. I den siste seriekampen måtte vi slå Rival borte, for å være helt sikre på å unngå nedrykk. Det ble tap i denne kampen og vi måtte vente på resultatet i 2. div. kampen mellom ÅIF og Skeid. Heldigvis slo ÅIF seriemestrene og Bryn unngikk ny kvalifisering. Med tanke på at Bud, Fræna og Goma rykket ned, var det sterkt av oss å beholde plassen. Ellers så deltok a-laget på Sel-turneringen, hvor vi gjorde det veldig bra under Paul A. Stokkes ledelse. Vi kom helt til finalen hvor vi tapte 2-0 mot vertslaget Sel. Ellers nevner vi at Even Heimen ble toppscorer, Jo-Petter Nerlandsrem ble årets spiller, samt at vår mangeårige keeper Sigmund Sandøy spilte sin 421 og siste kamp for klubben. 6.div. laget vårt kjempet i toppen av tabellen hele sesongen, men desverre nådde vi ikke helt opp. Her ble Geir Kvammen toppscorer og Jan Arild Midthaug toppscorer. Old boys laget vårt gjorde en god sesong og havnet til slutt på 2. plass i serien. På grunn av for lite 14-16 års spillere, måtte vi denne sesongen kjøre et samarbeid med Bud for å gi disse spillerene et fullgodt tilbud. I nattcupen gikk juniorene våre helt til topps inne i Frænahallen, mens 10-12 årslaget gikk til topps i Romsdals-cupen under Helge Haukås sin ledelse. Vi vil også nevne at våre jenter i 12-14 årsklassen gikk helt til topps og ble krets mestere. Ellers så deltok flere av lagene i ungdomsutvalget på forskjellige cuper, vi nevner Bryn-cupen, Hydro cup, Spareputtcupen, Norway cup, Brynhall-turneringen, Hustadvika Cup, Tingvollcup, Kystcupen, samt frænamesterskapet.




Sigmund Sandøy en av Romsdals beste keepere gjennom tidene spilte 421 kamper for Bryn, sin siste spilte han i 1992.

1993

Formann: Brynjulf Hustad**Trener: Roy Tore Høyer**

Dette var Roy Høyers 3. år som trener og forventningene til årets sesong var forholdsvis store, ikke minst på grunn av at vi hadde fått forsterkninger fra andre lokale klubber. Treningen på forsesongen holdt veldig høy kvalitet, så alt lå til rette for en spennende sesong på et forholdsvis høyt nivå (les. CFK, MFK 2, KFK, Træff m.m.) I treningskampene gikk det veldig bra, vi tapte finalen i vintercupen. Etter dette gikk det slag i slag frem mot seriestart. Seriefavoritt CFK fikk helgen før seriestart kjenne at Bryn på Skotten ikke er noen lett oppgave, i denne kampen vant vi for øvrig 2-0.

Og stjerner som Ole Gunnar Solskjær, Trond Andersen m.fl. ble satt i skyggen av Bryns gutter. I serien gikk det også bra, vi endte til slutt på en fin 4. plass etter CFK, KFK og MFK 2. Jan Roger Lindseth ble årets spiller denne sesongen, mens Arve Berg ble toppscorer. I tillegg gikk Bryn til topps i romjulisturneringen som ble arrangert i Frænahallen. Ellers så vil vi nevne at Jan Kåre Farstad spilte sin siste, og 540. kamp i bryn-trøya denne sesongen. Dette er rekord i antall spilte kamper for Bryn som vil bestå i mange år fremover.



Jan Kåre "Shower" Farstad spilte sin siste sesong for Bryn under Roy T. Høyer, kapteinen gjennom mange år spilte hele 540 kamper for IL Bryn. Dette er en bragd det blir vanskelig å kopiere.

1994

Formann: Willy Kjorsvik

Trener: Svein Lodve Sandblåst

Svein Lodve Sandblåst ble vår nye trener, Sandblåst som er oppvokst i miljøet på Skotten,



Svein Lodve Sandblåst gjorde en god jobb som Bryn-trener, til slutt havnet vi på en sterk 3. plass.

Her foran premieskapet i klubbhuset på Skotten.

hadde bak seg et år som trener for Fræna FK. Det første han fikk oppleve som trener var forøvrig at guttene hans gikk til topps i Romjulscupen i Frænahallen. Utover i treningskampene ble det prøvd ut forskjellige formasjoner og flere spillere fikk prøve seg i forskjellige posisjoner.

Treningskampene gikk som vanlig bra og optimismen foran sesongstart var stor i Bryn-land. I serien gikk det veldig bra og vi havnet til slutt på 3. plass etter KFK og AK, vi var faktisk bare 2 poeng bak 2. plassen noe som er veldig sterkt.

Arve Berg ble den store spilleren denne sesongen, han scoret ca. halvparten av målene, i tillegg så noterte han seg for flest BB i Romsdals Budstikke. Berg var toppscorer i 3. div. med hele 24 scoringer. Dette til tross for at vi spilte med en ganske defensiv formasjon. Arve Berg var for øvrig den spilleren som representerte Bryn i flest kamper denne sesongen. Årets spiller i 6. div. ble Roar Nyheim, 6.div. laget endte opp på 3 plass på tabellen. Toppscorer på 6. div. laget ble Jan Arild Midthaug.

I Old Boys serien ble Bryn helt sist, mens guttelaget kom på en fin 4. plass. I ungdoms avd. var det denne sesongen kun 4 lag, noe mangelen på trenere har ført til og som også er veldig betenkelig.



Arve Berg var et angrep alene denne sesongen, han ble toppscorer i 3.div. og mottok TK's toppscorer tittel med 24 mål.

1995

Formann: Bendik Ove Nerlandsrem

Trener: Bjørn Halås

Under Bjørn Halås ledelse startet vi sesongen med finale i vintercupen, her måtte vi desverre se oss slått med 1-3 for Molde 2. Før dette hadde laget gått til topps i Romjulscupen i Frænahallen. I treningskampene gikk det over all forventning og vi unngikk tap. I første NM kamp gikk vi derimot på en smell mot AK med 1-2 på KGB. På vårsesongen gikk det bra og til ferien lå vi som nr. 3 på tabellen, etter ferien gikk det heller dårligere og vi havnet til slutt på 7. plass. En må nevne at i den siste seriekampen borte mot Surnadal (2-2), spilte vi med 5 debutanter. Denne sesongen ble det spilt 34 kamper, hvorav Jan Roger Lindseth spilte flest med 33. Jo-Petter Nerlandsrem var den spilleren med flest treningsoppmøte, han ble også årets spiller denne sesongen. Toppscorere ble Jo-Petter Nerlandsrem og Kjetil Flønes med 11 mål hver, Nerlandsrem scoret 10 i serien, mens Flønes nettet 6. Det ble denne sesongen benyttet 28 spillere på a-laget noe som bortimot må være rekord, av disse var det 25 som spilte seriekamper. I tillegg rykket 6. div. laget vårt opp i 5.div., her hadde Paul Arne Stokke ledelsen. Old boys laget ble nr. 5 i sin serie, når det gjelder 14-16 åringene under Svein Pedersens ledelse gjorde de en kjempesesong og

gikk helt til topps. Målforskjellen 114-20 sier sitt. Dette laget gjorde det også veldig godt på Norway Cup, men ble slått ut i sluttspillet. 14-16 jenter kom på 6. plass i sin avdeling, her var Egil Borgestrand trener.

I ungdomsgruppen hadde vi 5 lag: Desverre måtte vi trekke det ene, så 4 lag fullførte I ungdomsgruppen (under 14-16).

1996

Formann: Bendik Ove Nerlandsrem

Trener: Bertil Stranden og Svein Pedersen

Bertil Stranden var engasjert som trener 7 år etter sin første periode han trente Bryn, denne gang hadde han med seg Svein Pedersen som hjelpetrener. Stallen var forholdsvis bred og forventningene var høvelig store. I Romjulscupen gikk det som det har blitt for vane at vi gikk helt til topps. Resultatene i treningskampene varierte fra det helt store til det heller labre. Noe av årsaken kan være at intensiviteten på treningen hadde sunket et par hakk fra tidligere sesonger. Etter en fin vårsesong var vi i fritt fall på høsten, hvor vi tapte 7 av 10 kamper. Verst var det mot Clausenengen hvor vi tapte med ydmykende 10-0 på Atlanten. Litt av grunnen til at det gikk som det gikk var at trener Bertil Stranden var den med færrest treningsoppmøte, og at hjelpetrener Svein P. måtte ta ting på sparket.

Uansett - til slutt havnet vi på en 7. plass på tabellen. Totalt spilte vi 32 kamper denne sesongen, de som var representert ved flest anledninger var Jan Roger Lindseth, Roy Haukås og Frank Robert Berget med 29 kamper hver. Toppscorer på 3.divisjonslaget var Arve Berg. 5. div. laget havnet midt på tabellen, også dette laget ble skadelidende etter at 3. div. laget gjorde det så dårlig på høsten. Kai Hansen var den spilleren med flest opptredener for 5. div. laget, Hansen hadde 21 opptredener. Mest scorende på 5. div. laget var Harald Inge Viddal med 11 mål. Dette året hadde vi damelag i 7'er serien, dette laget gikk helt til topps og ble kretsmeistere. Dette til tross for at treningsoppmøtet var så som så.

1997

Formann: Brynjulf Hustad**Trener: Børre Bjørsvik**

Denne sesongen knyttet vi til oss Børre Bjørsvik som trener, Bjørsvik hadde fra før erfaring som trener for Rival, samt at han hadde erfaring fra toppdivisjonen med MFK. Vi hadde knyttet til oss en del nye spillere og intensiteten på forsesongtreningene var stor. I treningskampene imponerte vi med 8 strake uten tap, før vi fikk stryk av AK. Starten på serien var også imponerende. Først slo vi Surnadal 8-2 hjemme, før vi nedsablet Tomrefjord borte med 6-1. Etterhvert jevnet det seg ut og til slutt havnet vi på en meget sterk 3. plass, etter CFK og KFK som begge rykket opp i 2. div. Til sammen spilte vi denne sesongen 36 kamper totalt, flest kamper fikk Kenneth Kvalheim som spilte samtlige. Jan Roger Lindseth misset bare en kamp denne sesongen. Toppscorer denne sesongen ble Arve Berg og Kenneth Kvalheim med 18 seriemål hver. På de 36 kampene ble det benyttet 26 spillere. 5. divisjonslaget vårt gjorde en fin figur og havnet på en fin 6. plass, her ble Kai Eddy Hansen toppscorer med 21 serie mål. Kai og Stig Arild Gjerde var de spillerne som var representert flest ganger på 5. div. laget med sine 19 opptredener. I tillegg må vi nevne at seniorspillerene hadde en koselig weekend til Lillehammer i fotballferien, hvor vi spilte mot Lillehammer. Dette året stilte vi også med jentelag i aldersgruppen 14-16 år, jentene viste godt stå-på humør, men endte likevel sist på tabellen. Guttelaget vårt endte nest sist i sin avd., mens småguttene endte på 6. plass. I tillegg jobbes det godt i jr. avd. hvor vi i år hadde 6 lag under 12-14 stadiet.

1998

Formann: Brynjulf Hustad**Trener: Børre Bjørsvik**

Etter en glimrende fjorårssesong og forsesong, ble denne sesongen en gigantisk nedtur. Noe av grunnen til dette er nok at vi mistet 6 sentrale spillere fra fjorårssesongen, dette uten at vi klarte å finne noen fullgode erstattere. Fra starten på sesongen

fikk vi motgang, noe vi ikke greidde å snu før det var for sent på slutten av sesongen. Dette til tross for at trener Børre Bjørsvik prøvde det meste, både sosialt og treningsmessig. Et stort problem denne sesongen var mannskapsmangel. Når skadene og suspensjonene meldte seg, slet vi med å stille nok spillere til kamp. Et eks. var hjemmekampen mot Gossen IL, 30 minutter før kampstart hadde vi 10 spillere. Vi fikk en publikummer til å hente sko, mens billettøren satt på benken. Denne kampen vant vi utrolig nok 3-1. Vi spilte denne sesongen 34 kamper, flest hadde Benny Frode Øverli med 33. Totalt ble det benyttet 25 spillere, hvorav 23 spilte seriekamper. Toppscorer denne sesongen ble Jan Arild Midthaug med 13 mål, et mer enn Arve Berg som kom tilbake midt i sesongen. Årets spiller ble desverre ikke kåret.

2. laget vårt som spilte i 6..div. var i år et samarbeid med Bud IL, endte til slutt på 3. plass på tabellen. Dette samarbeidet fungerte godt for begge klubber, her gjorde Edgar Magne Lindseth en god jobb. Guttelaget under Edgar Halås endte sist på tabellen, mens småguttene under Kai Skogstads regime endte nest sist i sin avdeling.

1999

Formann: Svein Inge Male**Trener: Jan Roger Lindseth**

Rossi trener med suksess.

Etter 1 år i Bud som spillende trener, vendte Jan Roger Lindseth tilbake som spillende trener for laget vårt. Til tross for at vi rykket ned, fikk vi flere forsterkninger og stallen virket solid og sterk. I romjulscupen stilte vi to lag, desverre greidde ikke disse å nå helt til topps. I vintercupen fikk vi smake suksess, da gikk vi helt til topps etter at vi slo Bjørset 6-2 i finalen. I treningskampene imponerte vi med flere sterke resultater, her ble det kun et tap på 10 kamper. Starten på årets sesong ble en nedtur med tap 3-5 mot Frei hjemme på Skotten. Etter dette rettet det på seg og laget kjempet helt i toppen utover våren. Utover høsten tapte laget kun 1 kamp (hjemme mot Midsund) og spilte en uavgjort (Frei b). I den siste kampen hjemme mot Moldekam., kom årets største seier. Her ble resultatet 14-0 i vår favør, dette må være bortimot rekord for Bryn i en obligatorisk kamp på seniornivå. Ellers så tapte guttene bare 4 kamper i årets serie noe som førte til 1. plass og opprykk. Laget spilte 32 kamper og spillende trener Jan Roger Lindseth var representert i samtlige. Totalt ble 23 spillere benyttet, mens 22 av disse spilte seriekamper. De spillerene som hadde flest treningsoppmøte var Mareno S. Male og Frode Nerland med 74 av 82 oppmøter.



Kaptein Jana toppscorer med 30 seriemål.

Toppscorer ble Jan Arild Midthaug med 42 mål, 30 av disse kom i serien. Det er nok lenge siden noen har scoret 40 mål i en og samme sesong for Bryn, om dette har hendt. Når det gjelder 6. div. laget vårt, havnet disse midt på tabellen.

Kai Eddy Hansen var den spilleren med flest opptredener, mens Halvor Vassli ble toppscorer med 5 mål. Vi nevner at Bryn 2 var det eneste laget som tok poeng mot seriemester Surnadal. 14-16 års laget vårt kom nest sist i sin avdeling, etter en fin vårsesong falt laget helt fra hverandre etter pausen.

Svein Inges gutter deltok også på Norway cup, her ble laget slått ut i innledende spill. 12-14 års laget havnet midt på tabellen, her hadde Kai Skogstad ansvaret. Ellers hadde vi 4 gutte- og 1 jentelag i seriespill under 12-14. Disse lagene gjorde det veldig bra og det gror godt i de yngre rekker.



Laget som spilte Bryn opp i jubileumsåret. Bak f. v. Trener Jan Roger Lindseth, Benny Frode Øverli, Frode Nerland, Rune Farstad, Geir Teistklub, Kjetil Hoem, Frank Robert Berget, Jean Andre` Gjelsten og oppmann Markus Inge Male. Foran f.v.: Jan Arild Midthaug, Endre S. Male, Mareno S. Male, Kai Eddy Hansen, Albert Vassli, Ola Farstad og Jo-Petter Nerlandsrem. Bak ser vi supporterne.



F R I I D R E T T

FRIIDRETTE MED LANGE TRADISJONAR I BRYNLAND.

Friidrett har vore ein utbreidd aktivitet i området som Bryn i dag dekkjer i lang tid før I.L. Bryn vart danna i 1949. Mykje av den aktiviteten innan friidrett som var driven tidlegare, var nok ikkje så organisert, men det var også drive ein del friidrett i dei idrettslaga som aktive i dei ulike tidene. Første idrettslaget i det aktuelle området var Farstad idrettslag som vart stifta 1. mai 1932. Dei andre idrettslaga var Hustad I.L. frå 1937 og Viken I.L. frå 1939, Vevang I.L. og Skotten I.L. nokre får år.. Ut frå dei opplysningane vi har, ser det ut til å vere Farstad idrettslag som var med aktiv innan friidrett. Dei andre laga dreiv mes med fotball, men her var det også enkeltutøvarar som *slengte* med i friidrettsøvingar når det høvde seg. Vi veit at det også var drive former for meir eller mindre organisert idrettsaktivitet før Farstad I.L.. Det blir fortalt at det mellom anna var nokre ungdommar på Farstad som dreiv med turning i eit klasserom i *Tusenborg*, nyskulen på Farstad, i slutten på 1920-talet. Det var heller ikkje uvanleg at det var avvikla ulike friidrettskonkurransar bygdene i mellom.

I følgje *Hustad idrettsråd* sin frå protokoll frå 2. september 1931 vart det vedteke ein plan for å «fremje idrett og leik millom skuleungdom i kommunen».

Det vart sett opp følgjande retningslinjer for skuleidretten:

1. Ved slutten av skuleåret bør det vere tevling millom gutane i andre deild i desse idrettsgreinene: laup, 60 m, lengdesprang, høgdesprang, kast med liten ball og kast med stor ball.
Læraren ved skulen skal leie tevlingane. Medlemmane i idrettsrådet skal i tilfelle hjelpe han.
2. Dessutan bør det vere eit idrettstemne for alle skulane i kommunen på den staden og til den tid som idrettsrådet fastset -

helst i slutten av juni.

Dei gutane som fyller 11½ år fyrr skuleåret sluttar, og som læraren meiner greider grava til idrottsmerket, får høve til å vere med i tevlingane.

Hustad idrettsråd sin protokoll var under skriven av L. N. Ødegård, N.O. Skarset og H. Rangøy.

Vidare ser vi i protokollen at det vart halde tevlingar i friidrett mellom Farstad, Hustad og Vassenden skular i 1936. Det var 40 skulebarn som var med, og Hustad skule vann æresskjoldet. Dei 3 beste skulane fekk namnet sitt inngravert på skjoldet. Desse skulekonkurransane heldt fram til 2. verdskrigen. Dei fortsette også etter krigen, men var då noko mindre regelfaste. I følgje protokollane var det *Bernt Reitan* som kom til å verte eldsjela og drivkrafta bak skulekonkurransane og friidrettsarrangementa etter at *Lars Ødegård* slutta som lærar på Farstad.

Det var 17. mai som var den store friidrettsdagen på Farstad. Her var det konkurrert i sprint, hopp og kast. Konkurransane, som ein heller kan kalle idrettsleikar, vart haldne på eigna dyrkamark eller grassletter. Ein slik plass var *Kristianmarka* på Farstad som vart brukt til friidrett fram til at Farstad idrettslag fekk ordna eigen idrettsplass på Farstadriset.

Når det gjeld friidrettskonkurransane mellom dei ulike bygdene i Hustad, kan Markus Sandvik (80 år) at han var med på ein friidrettskonkurranse mellom Skotten og Farstad like etter at krigen var slutt. Markus Sandvik. Han hugsar spesielt at det kom ein tynn og langbeint unggut som var for ung til å vere med, og hoppa høgde. Han hoppa høgare enn alle dei som var med i konkurransen. Det var *Kåre Reitan*. Han vart seinare ein av dei første som vart med i meir organisert friidrett.

I samband med *fredsmarsjen* i 1945 vart det også arrangert ein friidrettskonkurranse mellom Hustad og Farstad. I tillegg til enkelteøvingar som diskos, kule, lengde og 100 m, vart det arrangert stafett på grusvegen. Laget frå Hustad vann etter at dei hadde stilt med slike raske karar som *Harald Gjerde* og *Lorents Løkhaug* på laget.

Kåre Reitan den første kretsmeister?

Dei første ungdomsåra var Kåre Reitan med friidrettskonkurransar utanom dei lokale tevlingane på Farstad. Kåre var for det meste åleine. Trening var det også heller dårleg med. Det vart til at han tok nokre hopp over klesnora heime av og til.

Det var først då han kom i Tysklandsbrigande frå 1949 at han fekk konkurrere i friidrett. Kåre kan vise til fleire gode plasseringar i lengde, på 100 m og i høgde frå denne tida. Etter at han kom heim frå Tyskland, vart han også meir med i friidrett her heime. Han var mellom anna med på fleire stemne i Molde først på 1950-talet. I 1951 vart han kretsmeister i høgde med resultatet 1.78 m. Han hadde ein personleg rekord frå tidlegare på 1.83 m. På 100 m og i lengde konkurrerte han med landslagsmann *Jakob Rypdal*, og Kåre var fullt på høgde med han på 100 m. Det vart også deltaking i nokre interkretskampar mot Nordmøre og Sunnmøre på denne tida for Kåre. Då I.L. Bryn ikkje hadde kome igang med friidrett på denne tida, representerte han Farstad I.L. sjølv om det ikkje var noko aktivt lag innan friidrett.

Det blir fortalt at ein av handelsmann på Farstad, *Nils O. Farstad*, hadde sett opp ein vandrepokal for eit løp på 100 m som var oppmålt på vegen. Det var stor prestisje i å få napp i denne pokalen. Då Kåre Reitan kom heim frå Tysklandsbrigaden, var det *Harald Breivik* og *Harald Gjerde* som hadde napp i pokalen. Harald Gjerde frå Hustad hadde ord på seg for å vere svært rask, og Harald Breivik var god både i lengde og sprint. Han var også ein av dei beste på fotballaget til Farstad I.L. Kåre stilte opp mot desse då han kom heim og greide til slutt å vinne pokalen.

Hans Rødal, onkel til Oddmund Moi, var ein annan frå området som dreiv litt med friidrett dei første åra etter krigen. Han hevda seg godt både i sprint og hopp, og han var den som fekk Oddmund Moi og Ove Farstad til å bli med på friidrettsstemne.



Første friidrettsformannen, Ove Farstad, i fint driv på siste etappe i Vågen rundt.

Organisert friidrett i I.L. Bryn frå 1955

Dei første åra etter at Bryn vart stifta i 1949, var det ikkje nokon organisert friidrettsaktivitet i laget. Vi har tidlegare nemnt at mellom anna Kåre Reitan deltok for

Farstad idrettslag. I tillegg har vi andre frå området som var aktive med i friidrett i Molde. Her kan vi nemne *Per (Keivan) Skotheim* som var mellom dei beste i lengde og sprint i Romsdal i mange år. *Kjellrun Sandvik* frå *Steinan i Sandvika* deltok også for Olymp i Molde og hevda seg spesielt godt i diskos. Ho var ut frå det ein veit, den første jenta som var aktivt med i friidrett frå det som seinare har blitt kalt *Brynland*.

I 1955 vart det oppretta friidrettsgruppe i I.L. Bryn med *Ove Farstad* som første friidrettsformann i laget. Rekneskapen viser at det nok har vore tenkt friidrett tidlegare også. I 1952 vart det kjøpt inn ei kule til kr 12.70. Vidare viser rekneskapen frå 1955 at dette året hadde ein dei første utgiftene til startkontingent og reiser. Kontingent til Romsdal friidrettskrets vart betalt for første gong i 1957. Dette året var det også bokført rei-seutgifter til friidrett på kr 100.-.

Frå midten av 1950-åra var det Oddmund Moi og Ove Farstad som var dei mest aktive i friidrett. Dei var også med på ein del friidrettskonkurransar før Bryn fekk friidrettsgruppe. Det var ikkje alltid like lett for desse to å vere med på friidrettsstemne i helgene då begge var sentrale spelarar på I.L. Bryn sitt A-lag i fotball.

Ove Farstad var som 15-16 åring ein av dei beste terrengløparane i Romsdal. Han vann fleire løp i sterk konkurranse med juniorane i kretsen. Han var også med i hopp og kast og hevda seg



Oddmund Moi, allsidig utøvar og ei av eldsjelenes dei første åra.

godt. Oddmund Moi var ein svært allsidig friidrettsutøvar og var mellom dei beste i friidrettskretsen i hopp, kast og sprint. Det kan nemnast at han som 15-åring kasta liten ball 102 m, og det viste seg seinare at spydkast vart ei av dei beste øvingane til Oddmund. Besteresultatet hans i spyd er 60.78 m (gammal spydtype). Trestegresultatet hans på 13.89 m er også svært godt i nasjonal samanheng og gav 2. plass under B-NM i friidrett i 1961.

Ove og Oddmund fekk etter kvart fleire med seg til friidrettsstemne rundt i romsdalsregionen. Mellom anna var fleire av dei yngre brørne til Ove med og hevda seg godt i fleire øvingar, Bjarne, Leif og Gudmund. Sivert (Nergård) Skotheim var ein av dei nye mot slutten av 1950-årat. Han vart mellom anna kretsmeister i høgde for gutar 14 - 15 år i 1958. Jentene kom også med etter kvart, og ei av dei første som var med på stemne, var Anne Lande. Ho vart kretsmeister på 60 m og i lengde i klassen 14 - 15 år i 1957.

OL-deltakar og landslagsmann på Bryn stadion sommaren 1957

Sommaren 1957 vart avvikla ei propaganda- og treningssamling i friidrett på Bryn stadion. Det at det var OL-deltakar, norgesrekordhaldar (2.05m) og landslagsmann Bjørn Torkhildsen som stod for instruksjonen, gjorde nok sitt til at oppslutninga om samlinga var svært god. Samlinga vart ein god stimulans for ungdommen til å vere med på friidrett, og det vart stadig fleire som ville prøve seg og vere med på friidrettsstemne. Etter kvart dukkar det opp nye namn i friidrett som: Sigmund Løkhaug, John Kr. Johnsen, Jan Sandblåst, Sigmund Julshamn, Jan Brevik, John Haugen og Kåre Julshamn. Og her finn vi namn som seinare kom til å dominere resultatliste i mange år framover. Ja, heilt fram til dagen i dag som veteranar.

I.L. Bryn med sitt første storarrangement i 1958

På ettervinteren 1958 arrangerte I.L. Bryn sitt første store friidrettsstemne. Kretsmeisterskapet i lengde og høgde utan tilløp vart avvikla i Stemshallen med god deltaking, spesielt frå Molde, og det vart oppnådd resultat opp mot det beste i landet.

Denne vinteren vart det også starta innandørstrening i friidrett i Stemshall. Oddmund Moi var trenar og samla ein god flokk ungdommar rundt seg. Treningane varte ikkje i så lang tid, noko som hadde samanheng med at Oddmund ikkje alltid var heime og kunne leie treninga.

Etter kommunesamanslåinga i 1964 vart det arrangert fleire Frænameisterskap i friidrett på Bryn stadion sjølv om det ikkje var nokon friidrettsbane der. Det vart arrangert løp frå 60 m og opp til 1500 m på grasbanen. Deltakinga var god med deltakarar frå dei fleste klubbane i kommunen og med spesielt sterke utøvarar frå I.L. Ekko på Jendem.

Utanom Oddmund og Ove var det spesielt Sigmund Løkhaug og Sivert Skotheim som var dei mest aktive friidrettsutøvarane frå Bryn først på 1960-åra. Dei dominerte både gute- og junior-klassane i mange år. Begge desse var gutar med god spenst og som etter kvart spesialiserte seg i høgde. Sigmund Løkhaug har ei bestenotering på 1.85 m etter at han gjekk over til floop-stilen, eit resultat som framleis står som klubbrekord for I.L. Bryn når ein ser vekk frå tangeringa til Freddy Male noko seinare og Jimmy Eriksen med 1.95 m for Fræna Friidrettsklubb i 1992.

I.L. Bryn på toppen i Romsdals-friidretten frå 1968

I 1968 starta det ein kan kalle gullalderen for friidretten i I.L. Bryn. Det heile starta med at medorganisert fellestrening i den velse gymnastikksalen på Hustad gamle skule og seinare på sentralskulen. Svanhild og Håkon Forthun saman med Sivert Skotheim var mellom dei fremste for å få meir fart på friidretten i laget.

Brit Eli Moi var dette året med i Romsdal friidrettskrets sin tropp til Donald Duck-lekene for 12-13 åringar om hausten. Seinare på hausten hadde Bryn 50 deltakarar med i Frænameisterskapen i friidrett og vart med det den dominerande klubben under meisterskapen. Fleire av gutane og jentene var også med i KM på bane og tok mange medaljar.

Frå 1969 hadde Bryn ein stor tropp med i friidrett som hevda seg gode både i innandørsidrett, i terrengløp og på banen. Dette året vart det for første gong arrangert friidrettstemne i gymnastikksalen ved Hustad sentralskole. Det var over 30 jenter og

gutar som møtte opp på dei faste treningane på skulen denne vinteren

1970 vart eit nytt merkeår for friidretten i Bryn. Ove tok igjen over som formann i friidrettsgruppa. Denne våren vart det arrangert terrengløp i området rundt Bryn stadion.

Med eit deltakartal på 147 løparar frå heile Romsdal, vart dette eit av dei største friidrettsarrangementa i kretsen. Litt seinare, 1. mai, debuterte I.L. Bryn i *Vågen rundt* på Vågstranda, og jentene var ikkje snauare enn at dei vann klassen sin. Sluttstatusen for 1970-sesongen vart 10 gull, 14 sølv og 5 bronsjemedaljar i KM i friidrett.

I.L. Bryn med friidrettsbane

Sommaren 1971 starta ein opp arbeidet med å få til friidrettsbane på Bryn stadion. Ein del år tidlegare hadde det vore køyrt på stein og grov grus på det som skulle bli løpebane rundt den nye grasbanen. Etter å ha fjerna ein del sand, nivellert opp og lagt ned drenering, vart det køyrt på marmorgrus med fleire lastebilar i mange dagar. Sigmund Julshamn som kom heim denne sommaren for å bli lærar på Hustad, brukte storparten av ferien til å få på plass sargane og meir finplanering. Før sesongen var slutt om hausten, vart det arrangert friidrettstemne på anlegget for første gong. Det var meir som eit prøvearrangement, og resultatet lova godt for den særmerkte kvite friidrettsbanen. Friidrettsbane med marmorgrus var noko heilt nytt.

1971 vart også eit godt år for den aktive friidretten i laget. Dei største prestasjonane stor Brit Eli Moi for med å vinne landsfinalen i 3-kamp og bli nr 2 i dei landsomfattande Vesta Hygea-lekene. Laget hadde også fleire med i Donald Duck-lekene. Sluttstatusen for kretsmeisterskapa vart 15 gull, 18 sølv og 13 bronsjemedaljar.

Det at Sigmund Julshamn kom heim, var til stor hjelp for dei som stod på for friidretten i laget. Han kom med som trenar, administrator og aktiv. I 1972 tok han over som leiar for friidrettsgruppa.



*Sigmund Julshamn i terrengløp
midt på 60-talet*

Etter at Bryn no hadde fått sin eigen friidrettsbane, vart laget eit av dei mest aktive arrangørlaga i Romsdal. I 1972 vart det avvikla 17 friidrettsarrangement i laget, innanørsstemne, terrengløp og banestemne.

Den idrettslege framgangen held fram i 1972 med mellom anna fleire deltakarar på Romsdal sitt lag under Donald Ducklekene, Jan Kåre Farstad, Henry Hatlebakk, Sissel Aure og Arild Hansgård.

Vidare var det deltakarar med på Tyrvinglekene og på krestslaget mot Nord-Østerdal. På Vågstranda stilte laget med 4 gute- og jentelag. Jentene vann igjen klassen sin, og gutane greidde ein sterk tredjeplass.

Brit Eli fekk ein ny stor sesong med deltaking i junior-NM, ny kretsrekord på 100 m med 12.5 sek. og høgde utan tilløp på 1.26 m. Ny var veninna Astrid Male som sette kretsrekord på 100 m hekk med 17.1 sek. Brynjentene sette også ny kretsrekord på 4x400 m stafett.

I alt vart det denne sesongen 33 gullmedaljar på deltakarane frå Bryn.

NM i hopp utan tilløp på Hustad Norsk juniormeisterskap til Brit Eli Moi.

1973 vart ein toppsesong for friidretten i I.L. Bryn. Det starta med at friidrettsgruppa var dristige og tok på seg å arrangere NM i hopp utan tilløp innandørs. Meisterskapen vart avvikla 11. mars i gymnastikksalen på Hustad sentralskule. Golvflata der meisterskapen vart avvikla var på 18 x 10 m!! Her var det 2 stasjonar for høgde og 2 for lengde, og i tillegg var det plass til publikum langs sidene.

I eit av klasseromma var NM-middag, kveite, etter at konkurransane var ferdige. Det vart eit tett og intimt arrangement, og etter det ein kunne lese i avisene og dei tilbakemeldingane som kom frå dei aktive, vart det eit vellykka arrangement. I dag over 25 år seinare er det framleis fleire tidlegar aktive på høgt nasjonalt nivå og lagleiarar som tek fram NM-et på Hustad i 1973.

I slutten av juni vart dei første Nordvestleikane arrangerte, og det vart eit stemne som etterkvart vart tradisjon med god deltaking. Seinare ut på sommaren vart det arrangert interkretskamp mellom Romsdal og Nord-Østerdal på stadion. Dette året hadde ein og svenskar med som deltakarar på eit kveldstemne etter Tresfjordlekene. Svenskane ville gjerne prøve kvitgrusen.



*Brit Eli Moi, første i I.L.
Bryn med gull i NM*

Brit Eli norsk juniormeister på 100 m.

I.L. Bryn fekk i 1973 sin første norske meister i friidrett. Britt Eli Moi og Astrid Male var med på junior-NM på Nadderud stadion. Astrid Male var med på 100 m hekk og hevda seg langt oppe utan å nå opp til medalje.

Brit Eli stilte på 100 flatt og var ikkje snauare enn at ho vann og vart norsk juniormeister. Seinare på sommaren tok Brit Eli sølv på 100 m under senior-NM i Trondheim. I tillegg vann ho Coca cola-starten på 100 m og var med i 2 junior-landskampar og i 2 Europa-cupar.

Hanne Reitan var ei anna jente som oppnådde mange gode resultat. I 1973 var ho med i junior-klassen under junior-NM på Hustad. Her fekk Hanne ein fin fjerdeplass i høgde med resultatet 1.36 m som var ny kretsrekord for Romsdal. I dei næraste åra som følgde, betra ho resultata sine både i lengde og høgde utan tilløp. Under NM i 1976 vart Hanne nr 2 i høgde utan tilløp for juniorar med resultatet 1.43. Dette var igjen ny kretsrekord og besteresultatet til Hanne.



Hanne Reitan har arva spensten etter faren, Kåre Reitan

Resultatet står framleis som klubbrekord. I lengde utan tilløp er det også Hanne som har klubbrekorden som er på 2.63 m. I høgde med tilløp nådde ho 1.45 m som 15-åring.

Etter at Sigmund hadde vore leiar i to år, 1972 og 1973, tok Torbjørg Farstad over som leiar i 1974. Ho stod som leiar i to år fram til og med 1975.

Frå midten av 1970-talet kom seniorane for fullt. Vi kan nemne at Leif Petter Gjerde sette klubbrekord på 800 m med 1.54.1 i 1974 og oppnådde 3.59.3 på 1500 m og 51.5 på 400 m. Den nye sprintkometen i Romsdalen var Per Sigmund Henøen. Han gjekk over frå å springe landevegsløp til sprint der han sette klubbrekord på 100 m med 11.1 i 1973, 51.1 i på 400 m i 1975 og krets- og klubbrekord på 200 m med 22.7 i 1976.



Leif Petter Gjerde og Per Sigmund Henøen, bryngutar med humor og fart

Etter at Torbjørg hadde tatt sin tårn, tok Olav Reistad over som leiar i 1976, og han var leiar i tre år fram til og med 1978.

I kast var det framleis «veteranane» Ove og Oddmund som var mellom dei beste i kretsen. Ove med 11.79 frå 1960, Oddmund med 12.22 frå 1968 som besteresultat i kule. I diskos nådde Oddmund 38.50 i 1965. Ove var også ein habil

spydkastar ved sida av Oddmund. Besteresultatet hans er på 46.70. Leif Farstad kom etter kvart sterkt både i kule og spyd og lengst nådde han i spyd med 52.78 i 1978 og kule 12.43 i 1976.

I lengre løp var det Sigmund Julshamn som var den mest aktive deltaking i alt som var av løp mellom 800 m og maraton. Besteresultatene Sigmund har som representant for Bryn, er 2.01.3 på 800 m, 4.06.4 på 1500 m, 9.06.8 på 3000 m, 33.33.8 på 10.000 og 2.48.32 på maraton. Håkon Forthun som også var aktivt med i fotball ei tid, tok etterkvart å hevde seg i norgestoppen i veteranklassane på 800 m og 1500 m. Mot slutten av 1970-talet kom Gudbjørn Nerland sterkt og truga Sigmund som den beste senioren på 1500 m. Gudbjørn nådde 4.08.8 på Aksla stadion i 1980 der han slo Sigmund i samlop.

Brynjentene hevda seg også i kast mot slutten av 1970-talet. I 1976 sette Synnøve Farstad kretsrekord i kule med 12.30 m. Synnøve var i fleire år med i junior-NM der ho hadde gode plasseringar. Søstre Heidi og Anna Marie Reistad følgde godt opp bak Synnøve i denne perioden.



Synnøve Farstad med ny rekord, seinare vart det 12.30 m

Utflytta brynarar med gode resultat

Fleire av dei som var med i Bryn i yngre alder, enten på fotballag eller i friidrett, vart aktive i friidrett etter at dei flytta ut for å gå på skole eller få seg arbeid. Ein av desse er John Kr. Johnsen, son til stiftaren av I.L. Bryn, Alfred Johnsen. Då John var heime, var han med på gutefotballag i Bryn.

Det var først då han flytta til Oslo at han starta for fullt med friidrett i Vestar. John var også ein tru-fast deltakar i Nordvestleikane dei første åra. Han hadde med seg fleire av klubbkameratane frå Vestar, og var med å gjere Nordvestleikane til eit stemne med gode resultat. John skal etter det ein veit ha banerekorden på Bryn stadion med 6.81 m. Elles kan ein nemne at besteresultatata hans i tresteg og lengde er så gode som 15.11 m og 7.16 m. John har mellom anna 2 gull frå B-NM i tresteg og 1 bronse frå hovud-NM i same øving. Sjølv om John i alle år som vaksen har representert Vestar, har han vore tru mot Bryn med årleg å betale medlemskontigenten og møte opp på treningane til friidrettsgruppa når han er heime.

Torfinn Gaupset er ein annan tidlegare bryngut som har oppnådd gode resultat for andre klubbar. Han har mellom anna 49.8 på 400 m for klubben Uredd i Skien. Etter at han kom heim til distriktet, representerte han også Bryn nokre år med tider på 400 m ned mot 50-talet, 52.2 som det beste.. Ein annan god sprintar var Per Farstad. Han representerte Bryn i ei kort tid før han reiste ut.

Mange nye med i friidrett

Frå 1979 og i fire år framover var det Kirsten Moi sin tur å ta over som leiar for friidretten i Bryn. Det var svært mange med i friidrett frå midten av 1970- talet og ut til først på åtti-talet. Det var nesten slik at det var friidrettsjenter og -gutar frå alle

heimane i området. Mange burde ha vore nemnde frå denne perioden, og ein tek med namna på nokre av dei mest aktive som Jan Viggo Røsok, Marit Dagfinrud, Jan Kåre Farstad, Hans Kristian Sunde, Ola Hustad, Mona Hustad, Arild Moi, Bendik Ove Nerlandsrem, Sissel, Rita Aure og John Aure, Tor Inge Løkhaug, Kristin Farstad, Knut Egil Ørjavik, Wenche Sannes og Torill Farstad. Av desse nemner vi spesielt at Torill Farstad utvikla seg til å bli ein god høgdehoppar og hadde lenge kretsrekorden i høgde for Romsdal med 1.62. m. Vi tek også med at Tor Inge Løkhaug var ein ny sterk bryngut i høgde og lengde utan tilløp, og han har fleire gode plasseringar frå NM. I høgde utan tilløp nådde Tor Inge 1.55 som bestenotering. Noko seinare, i 1986, nådde han 3.20 m lengde utan tilløp som framleis er klubbrekord.

Etter Kirsten Moi sin periode som leiar, var det Palmer Sjøholm som tok over i 1982 og etter eitt år kom Sigmund Julshamn igjen som leiar i resten av 1980-åra.

Brynhallen og sterke innandørsresultat

Då Brynhallen vart teken i bruk hausten 1978, kom det ny fart i friidretten innandørs. Spesielt merkar ein seg den sterke framgangen til høgdehopparane. Ein merkar seg namn som Freddy Male, Evelyn Male, Anne Marie Reistad, Birgitt Løkhaug, Erling Haugnes og Frank Robert Berget.



1. plass til bryngutane på Molde. Are Forthun, Ulf Myrbø, Frode Vevang, Jan Viggo Røsok, Jo Forthun og Øyvind Visnes




Birgit Løkhaug, Bryn (t.v.) og Frank Flatmo, EIL sikret seg bestemannsbremiene under KM i hopp utan tilløp.

Birgitt Løkhaug sette ny klubbrekord med 1.64 i 1984, noko som også var kretsrekord for Romsdal ei tid. I høgde utan tilløp nådde ho 1.42 m, 1 cm bak Hanne Reitan sin rekord frå 1976.

Det vart Erling Haugnes som nådde lengst/høgast når det gjeld høgde med tilløp. i 1980 hoppa han 1.65 m som 13-åring, og som 15-åring to år seinare nådde han 1.70 m. Noko meir vart det ikkje som representant for Bryn. Etter å ha flytta til Mo i Rana fekk Erling 2.02 som besteresultat for Stålkameratene.

Norsk juniormeisterskap til Freddy Male

Freddy Male har nok vore av dei største friidrettstalenta Bryn har hatt. Han vann mellom anna lengde i dei landsomfattande Donald Duck-lekene både som 12-åring og som 13-åring. Sjølv om han var ein allsidig hoppar, vart det høgde som vart den beste øvinga hans. Freddy hoppa som 14-åring 1.71 m og nådde sitt beste som 17-åring med 1.85 m i 1986. Aller lengst nådde han i høgde utan tilløp. Her kom han til å hevde seg heilt i norgestoppen. I 1986 vart han norsk juniormeister med 1.66 m.



Sterke høydehopp i kraftig motvind (se på flagget i bakgrunnen!) sørget denne trio for. Foran: Jim Svenøy, EIL, Ingvar Grønset, EIL og Freddy Male, Bryn. Foto: Jarle Mordal.

Brynhallen som konkurransearena i friidrett

Det første friidrettsstemne i Brynhallen vart arrangert vinteren 1979 med konkurransar i lengde, høgde, 40 m, kule og 800 m. Seinare etter at Plasthallen kom, vart 40-meteren bytta ut med 60 m. Etter dette første stemnet vart det arrangert minst eitt større friidrettsstemne i Brynhallen kvar vinter. Det var 2-dagars stemne med mellom anna KM for alle klassar. Desse stemna vart svært populære og deltakinga så stor at det ei tid var problem å avvikle stemna innan rimeleg tid. Då Brynhallen var einaste idrettshallen i Midt-Norge der ein kunne bruke piggsko, vart også Midt-Norsk meisterskap lagt til hallen. Her avvikla ein i tillegg til dei andre tradisjonelle øvingane stavhopp med hopp på 4.50 m.

26. april 1980 - høgdepunktet i I.L. Bryn si historie NM i terrengløp på Nerland



Gull til Gunvor Hilde under NM terrengløp på Hustad

Sjølv om det har vore mange store idrettsdagar i Bryn si historie, kan ein seie at NM i terrengløp ute på Nerland den 26. april i 1980 er den største. Her stilte heile noregseliten opp på herresida og på kvinnesida sjølvas-te løpardronninga Grethe Waitz saman med Ingrid Christensen dei andre i norgestoppen. Det var ekstra stor stas at Elnesvågjenta Gunvor Hilde vart norsk meister i juniorklassen i konkurranse med 33 jenter frå heile landet.

Bryn stilte med to deltakarar i seniorklassen, Gudbjørn Nerland og Sigmund Julshamn. Det vart som venta inga topplassering på dei. Likevel vart det spenning rundt våre eigne deltakarar. Kven var best? Gudbjørn eller Sigmund? Denne gongen vart det Gudbjørn som vann tvekampen mellom desse to.

Dette var eit arrangement som heile «Brynland» var med på og som skal ha æra for at det vart svært vellukka. I det fine vårveret var det over 1000 tilskodarar rundt løypene ved *Flygaren*. Det vart vist opptak frå løpet og premieutdelinga i Brynhallen i sportsrevyen på NRK TV om søndagskvelden.

Færre med i friidrett utover i 1980-åra

Sjølvsagt om talet på dei som var med i friidrett, gjekk noko ned utover på 80-talet, var laget mellom dei mest aktive i Romsdal. Det at laget tok 41 KM-gull i 1982, fortel om framleis stor aktivitet. Stadig kom det nye utøvarar som var ivrige og stod på og oppnådde gode resultat. Ein



Tove Myrvang og Bodil Moi, to jenter med spenst og fart

kan her nemne Bodil Moi, Inger Torill Lindseth, Tove Myrvang, Tone Male, og Sonja Vevang i sprint og lengde. Når det gjeld kast, var det Rigmor Hustad, Ulla Farstad, Marie Austad og Nina Venås som var mellom dei mest aktive. Nina Venaas sette klubbrekordar både i spyd og diskos med resultat 31.82 og 34.12 i 1987.

Når det gjeld gutane, kjem brødrene Jo Kristen og Are Frode Forthun med for fullt

med mange gode resultat i hopp og løp utover på 80-talet. I 1983 sette Jo Kristen klubbrekord i lengde med 6.62 m, eit resultat som framleis står som klubbrekord i lengde. Han var også ein lovande mangkjempar 5.373 poeng i 10-kamp. Are Frode viste seg å bli sterkast i løp med resultat 51.1 på 400 m og 1.57.4 på 800 m i 1989. Resultatet på 400 m er tangering av klubbrekorden til Per Sigmund Henøen.

Midt på 80-talet kom Ivar Asbjørn Lervåg inn som ein ny sterk løpar i laget. Han er den løparen som sette flest klubbrekordar, og det rekordar som framleis står. Resultata er: 1000 m 2.34.2, 1500 m 3.54.2, 3000 m 8.42.9 og 5000 m 15.13.1. Han har også bronsjemedalje frå NM i terrengløp for junior.



Bryngutar med talent i hopp, kast og løp. Fremst frå venstre: Svein Olav Farstad og Ivar A. Lervåg. Bak frå ventstre: Frank Røvert Berget og Are Forthun

Begge to hevda seg svært godt i klassane sine i nasjonal samanheng. Frå først på 1980-talet dominerte Svein Olav Farstad kastøvingane i klassen sin. Han var allsidig og hevda seg også godt i hopp, og med det oppnådde gode resultat i mangekamp. I fleire av kastøvingane fekk han sterk konkurranse av klubbkameraten Astor Vevang.

I.L. Bryn med sterke stafettlag

Bryn var i fleire år mellom dei beste stafettlag for jenter og gutar i Romsdal. Dei hadde som regel hard konkurranse frå laga til Elnesvågen I.L..Sjølv om dei for det meste måtte sjå Elnesvågen framføre seg, vart det også ein del førsteplassar.

Seniorlaget til Bryn var også med i toppen i dei



Holmenkollaget til I.L. Bryn i 1983. Ei samling veteranar, seniorar, juniorar og gutar. I fremste rekke frå venstre: Ulf Myrbø, Håkon Forthun, Martinus Lervåg, Per Sigmund Henøen, Arvid Terje Hjelseth, Palmer Sjøholm og Tor Inge Løkhaug. I andre rekke: Gudbjørn Nerland, Ragnar Nerland, Sigmund Julshamn, Ivar A. Lervåg, Jostein Venaas og Are Forthun. Bakerst: Jo Forthun, Jim Farstad, Øyvind Nerland.

lokale stafettane, og i 1979 tok laget steget opp i nasjonal konkurranse med å stille i Holmenkollstafetten. Laget var sett saman av veteranar, seniorar, juniorar og gutar. Etter nokre år med berre herrelag, vart også kvinnene med frå først på 80-talet. Det vart stilt med både herre- og kvinnelag fram til 1992.

Dessverre vart det ikkje berre gode minner frå Holmenkollstafetten. I 1988 vart laget råka av ei ufatteleg tragisk ulukke. Ein av dei unge deltakarane, 16-årige Lars Hegdal, omkom i ei togulukke i Oslo-området kvelden før stafetten. Det vart

ikkje stafettdeltaking, men ei tung og lang heime-reise.



Grunnstammen i I.L. Bryn sitt Damelag i Holmenkollstafetten: Frå venstre lengst framme: Berit Sofie Lindseth, Tone Male, Sonja Vevang, Elisabeth Hjelseth, Ingveig Furesund og Evelyn Male. Bakerst frå venstre: Ann Helen Sandblåst, Svanhild Breivik Forthun, Gunnhild Lervåg, Britt Hjelseth, Vigdis Venaas og Jorunn Sjøholm. Følgjande deltakarar er ikkje med på bilde: Birgitt Løkhaug, Inger Torill Lindseth, Kristin Farstad og Edith Sundkvist.

Friidretten nede i ein bølgedal.

Sjølv om det var ein sterk nedgang i talet på jenter og gutar som var med i friidrett på slutten av 1980-talet og først på 90-talet, var det fleire utøvarar som hevda seg godt og oppnådde gode resultat både i gute- og jenteklassane og som juniorar.

Svein Olav Farstad utvikla seg etter kvart til å bli ein kastar på eit godt nasjonalt nivå. Han har i dag klubbrekordane i kule frå 1989 med 13.33 m, i diskos frå 1987 med 43.50 og 55.76 med den nye spydtypen i 1989. Det vart slegge som etter kvart vart den beste øvinga til Svein Olav. Han tok gull i slegge i B-NM og kvalifiserte seg til hovudmeisterskapen i friidrett med resultatet 52.84 i 1994.

Andre namn frå denne tida er brødrene John og Bjarne Sjøholm, Leiv Olav og Terje Brevik. Sterke løparar var også Jan Vidar Venaas og Endre Hjelseth. Jan Vidar Venaas var ein allsidig utøvar med 1.85 m i høgde og 46.22 i spyd i 1991. Ny hopptalent frå denne tida er Ketil Slatlem, Frode Nerland, Endre Nerland og Jimmy Eriksen.

Det kan nemast at Jimmy Eriksen viste sitt store høgdetalent med å hoppe 1.80 m som 16-åring. Han nådde 1.95 før han gav seg etter eitt år som junior.

Når det gjeld jentene, kan ein sepsielt nemne Rigmor Slatlem som hevda seg godt i lengde, hekk og høgde. I kast var det Karin Brennholm som følgde opp dei mange gode kastjenten Bryn har hatt. Begge desse to gjekk over i overbyggningsklubben som juniorar.

Ny NM-titlar til Bryngutar

Endre Nerland var i mange år av dei beste i lengde og hekk i Møre og Romsdal, men det var i høgde utan tilløp at han nådde lengst. Han vart norsk juniormeister i høgde utan tilløp i 1992. Sjølv om han oppnådde dette som utøvar for Fræna Friidrettsklubb, kan ein også rekna som Bryn-resultat då Fræna FIK er ein overbyggingsklubb.

I 1992 vart det gull på Endre Hjelseth som løpar for Fræna Friidrettsklubb. Det vart gull i lagkampen under NM i terrengløp. Han har seinare vore med som deltakar på Fræna FIK sitt Holmenkollag, og var med på laget første året i eliteklassen.

Jan Vidar Venaas har også vore fast deltakar på Fræna FIK sitt stafettlag og har i de to siste åra vore med som deltakar i eliteklassen i Holmenkollstafetten i to år.

Lange løp og maraton populært hos veteranane

Lange løp har blitt meir og meir populært mellom veteranane i laget, og det er ein spesiell status å ha fullført maratonløp på 42 km. Håkon Forthun har vore av dei ivrigaste når det gjeld maraton. Han har mellom anna fullført 5 løp på norsk jord innan eitt år. Sigmund var med Håkon til løp i Athen i 1983 og New York i 1986. Seinare har det blitt mange løp både innan- og utanlands for fleire av veteranløparane. Klubbrekorden i maraton har Arvid Terje Hjelset med tida 2.41.34 frå Oslo-



To av veteranane i teten i Kristiansundsløpet, Sigmund Julshamn og Arvid Terje Hjelseth.

maraton i 1989. Løparane frå Bryn har som regel vore på toppen på resultatlistene frå dei fleste landevegsløpa i Romsdal og på Nordmøre.

I.L. Bryn har sjølv vore ein fast landevegsarrangør med den årlege *Vintermila* i januar sidan 1972 og Nordvestløpet frå Brynstadion utpå hausten. Bryn var også med som initiativtakarar for *Atlanterhavsløpet* som for første gong vart arrangert i samband opninga av Atlanterhavsvegen i 1989. Dette er eit løp som blir arrangert i samarbeid med Averøy I.L., Kårvåg I.L. og Lyngstad og Omegn I.L.

Ny giv i friidretten frå midten av 1990-talet

Først på 90-talet var få jenter og gutar som var aktive med i friidrett. Dei faste treningane i Brynhallen held fram med få deltakarar i den aktuelle konkurransealderen, men i det som vart kalla idrettsskole, krydde det av jenter og gutar frå 5 - 10 år. I 1992 tok Ragnar Nerland over som leiar for friidrettsgruppa og saman med Arild Moi og fleire ser det igjen til at Bryn er på veg oppatt når det gjeld friidrett.

Det kan nemnast at Håkon Vikene Farstad var tatt ut til å vere med i dei landsomfattande Telenorlekene for 13 og 14 - åringar i 1999. Elles merkar ein seg dei sterke resultata til Kathrine Eriksen og Runi Moi. Sjølv om oppslutninga ikkje har vore heilt god dei siste åra, har det vore med stafettlag for jenter og gutar i Vågen Rundt kvart år.

Friddrettsleiarar med iver og ståpå-vilje

Sidan fridretten kom for fullt i Bryn, har laget hatt mange ivrige leiarar som ikkje har vore redde til å ta på seg utfordrande oppgåver. Formenn/leiarar i desse åra har vore:

Ove Farstad, Oddmund Moi, Sigmund Julshamn, Torbjørg Farstad, Kirsten Moi, Olav Reistad, Palmer Sjøholm og Ragnar Nerland.

Desse leiarane har ikkje vore åleine. Dei har hatt mange trufaste medhjelparar i friddrettsstyret og som dommarar og funksjonærar.

Styreprotokollane viser at det har vore med godt over 30 menn og kvinner frå Viken i sør til Vevang i nord i friddrettsstyret desse åra. På det meste har laget hatt 27 utdanna friddrettsdommarar, 3 forbundsdommarar - Ove Farstad, Ivar Orrestein-Farstad og Sigmund Julshamn- og 2 forbundsstartarar - Ivar Orrestein-Farstad og Sigmund Julshamn-. Av dei meste trufaste slita-

rane kan vi nemne: *Kirsten Moi* har vore med som fast friddrettsdommar i snart 30 år frå først på 1970. *Jakob Vevang* har som alt muleg mann, kasserar, dommar og dugnadsarbeidar frå først på 1980-talet fram til i dag, og *Magnar Dagfinrud* som dommar og alt muleg mann på dugnad frå midt på 70-talet til i dag.

Bryn har hatt ord på seg for å ha gode arrangement, og det mykje på grunn av den gode og røynde dommar- og funksjonærstaben

Friddrettsleiarar frå Bryn har også tatt på seg oppgåver på kretsplan. Ove Farstad, Ivar Orrestein-Farstad og Sigmund Julshamn har vore kretsleiarar og har i tillegg hatt ulike tillitsverv på kretsplan.

I.L. Bryn med i overbyggingsklubb i friddrett frå 1992

For å eit betre trenings- og konkurransemiljø for juniorane, gjekk Bryn saman med Bud I.L. og Elnesvågen I.L. og danna ein overbyggingsklubb i friddrett. Overbyggingsklubben fungerer slik at utøvarane under 15 år deltek for *moderklubbane*, jentene og gutane mellom 15 og 18 år kan delta for både moderklubben og overbyggingsklubben. Dei deltek då i jente- og guteklassane for moderklubben og i junior- og seniorklassane for overbyggingsklubben. Dei første åra representerte juniorane og seniorane i Bryn overbyggingsklubben, og dei oppnådde mange gode resultat og plasseringar både på kretsplan og i nasjonal samanheng. Brynutøvarane vart med det klubbkamerat til EM, VM og OL-deltakar Jim Svenøy.

I dei siste åra har rekrutteringa frå Bryn til overbyggingsklubben vore dårleg. Utanom at nokre av veteranane representerer overbyggingsklubben, er det mest i stafettane at det har vore med deltakarar frå Bryn.

Oppsummering.

Ivar Orrestein-Farstad utarbeidde i 1992 ein svært omfattande friddrettstatistikk for fridretten i Bryn. Her er mykje interessant lesnad og her er det mange namn og resultat.



Hekk og høgde var Rigmor Slatlem sine favorittøvingar.

Denne statistikken viser tydeleg at Bryn desse åra frå først på 70-talet og fram til 90-talet har hatt mange jenter og gutar med i friidrett. Statistikken viser mellom anna at i klassen for jenter 11 år er det registret 34 jenter og i 12-års klassen 43 jenter. I lengde 13 år er det 34 jenter.

Når det gjeld gutane, er det 43 noteringar på 60 m for 11-åringane og 45 i 12-års klassen. Vidare viser statistikken at det er 13 gutar 14 år som har sprunge 800 m. I kule 13 år er det 19 resultat og 32 resultat i lengde 12 år.

I.L. BRYN SOM FRIIDRETTSARRANGØR

Frå først på 70-talet har Bryn vore mellom dei mest aktive friidrettsarrangørane i Romsdal.

Av dei største arrangementa kan ein nemn:

Nordvestleikane på Bryn stadion - årvisst frå 1972

Avslutningsstemne på Bryn stadion så og seie kvart år sidan 1972

Fleire KM i friidrett på Bryn stadion

Interkretskampar på Bryn stadion

Midt-Norsk meisterskap for veteranar på Bryn stadion

Fylkesmeisterskap på Bryn stadion

Brynstafetten på Bryn stadion frå midten av 1970-talet og fram til midt på 80-talet.

Vintermila kvart år frå januar 1992

Nordvestløpet med ulike lengder frå midt på 70-talet

Årvisse terrengløp på Nerland i april

NM i hopp utan tilløp ved Hustad skole i 1973

NM i terrengløp i 1980

Innandørsstemne i Brynhallen i januar/februar frå 1979

Midt-Norsk meisterskap i innandørs friidrett i Brynhallen

Årsviss finale for Skole-cupen i friidrett i Brynhallen frå 1989

Atlanterhavsløpet med mål på Bryn stadion frå 1989

I tillegg kjem Frænameisterskap, KM i banestafettar, KM i lange løp og klubbmeisterskap

TRIM

Dei første åra i idrettslaget si historie var det ikkje noko organisert trimtilbod. Det er først frå 1970-talet og utover at det vart sett i gang aktivitetar

som tok sikte på å gi dei vaksne utanom den aktive idretten eit tilbod. Det vart mellom anna sett i gang trimkveldar på skulen.

Dette var heller ikkje så mykje Bryn som stod bak, men meir eit initiativ frå Svanhild

Forthun. Det første organiserte trimaktiviteten var truleg eit opplegg for å kunne ta prøver

for idrettsmerket.



Marie Reitan først med idrettsmerkestatuett

Ut frå dei registreringane ein har, ser det ut til å ha vore idrettsmerkearrangement i I.L. Bryn frå 1971. I dette første året har ein notert at 9 personar har greidd kravet til idrettsmerket. På denne første lista over idrettsmerketakarar står det at *Marie Reitan* dette året tok idrettsmerket for 3. gong etter statuetten. Dette vil seie at *Marie Reitan*, gromjenta til Bryn som det står i årsmeldinga, fikk idrettsmerkestatuetten i 1968. Med det var Marie den første som tok idrettsmerkestatuetten i Bryn. Den tida var det noko stort å få idrettsmerkestatuetten. Ein fekk statuetten under ei høgtideleg utdeling i Rådhuset i Oslo. Marie kan fortelje at dei første åra ho tok idrettsmerket, måtte ho ordne med alt sjølv, både organisere prøver og sende inn resultat. Mannen hennar, Bernt, vart godkjent som kontrollør, og han kunne vere nokså streng når det gjeld å få godkjent resultat. Dei første åra måtte ein greie krava for svømmeknappen for å få idrettsmerket. Det var ikkje enkelt på Farstad utan innandørs symnebasseng. Marie fortel at ho tok symneprøva ned på Farstadsanden. Der vart det målt opp den distansen ho skulle symje, og det kunne bli litt av ei kraftprøve i heller kaldt vatn og med store bølger. Det var berre det at ho skulle greie det, og det gjorde ho. Marie vedgår at det vart mykje enklare etter at idrettslaget tok til å ordne med prøver for idrettsmerket.

I 1973 oppnådde Marie å få idrettsmerkekruset og i 1983 vart det ministatuett i gull. Dei siste åra ho tok merkekrava sleit ho hardt med sjukdom, men greidde det utrulege med den sterke viljen sin. Siste gongen ho står registrert som merketakar, var i 1985. Etter det måtte ho gi seg på grunn av sjukdommen, men vil gjerne prøve igjen om kroppen vil.

Vidare på den første lista frå 1971 står det at Lillian Reitan tok idrettsmerket for 5. gong, Håkon Forthun for 12. gong, Svanhild Forthun for 4. gong og Sigmund Julshamn for 11. gong.

Frå 1971 og i mange år utover var det aukande interesse for idrettsmerket i laget. I 1972 var det 11 som tok merket. I 1974 fekk Svanhild Fothun statuetten, og Håkon fekk han i 1975. Dette året var 26 merketakarar, og det var gledeleg mange kvinner som gjennomførte prøvene til idrettsmerket. Grunnen til at det var så mange kvinner med, var at Svanhild Forthun var svært aktiv med mellom anna faste trimkveldar på Hustad sentralskule. Mange av dei som var med på desse trimkveldane, prøvde seg også på idrettsmerket. Det var også ein del av desse kvinnene som fekk mennene sine til å prøve seg.

Det store idrettsmerkeåret i I.L. Bryn var i 1978. I alt var det 34 som tok idrettsmerket. Av desse var det 5 kvinner og 1 mann som hadde greidd krava til idrettsmerkestatuetten. Dette var: *Bjørge Reitan, Edel Reitan, Kjellaug Reitan, Målfrid Reitan, Hilda Sponås og Sigmund Julshamn*. Lillian Reitan hadde greidd statuettkrava år før, i 1977. Sjølv om det var mange av dei same som tok idrettsmerket år etter år, var det i 1978 i alt 6 nye merketakarar. Året etter var det enno fleire merketakarar, 37, men det var berre ein med statuetten, *Alvhild Hansgård*. Dette året oppnådde Svanhild Fothun krava for kruset. I 1980 var det igjen eit stort idrettsmerkeår med 45 merketakarar.

Av desse var det 4 som hadde greidd krava til statuetten, *Inger Berget, Aud Farstad, Anna Løkhaug og Kirsten Sørgård*. Håkon Forthun oppnådde å få

kruset etter 21 år med idrettsmerket. 1981 og 1982 var også gode idrettsmerkeår i Bryn si historie, 42 merketakarar. *Kåre Reitan og Jorunn Brevik* fekk dette året utdelt statuetten. Desse åra var det mange nye merketakarar, men mange av desse slutta igjen etter nokre få år. Frå og med 1983 går talet på merketakarar noko ned, ikkje så mykje ned ei første åra. Talet låg på rundt 30 fram til 1988 då ein for første gong kom under 30 med 29 merketakarar. I 1991 var det 18 merketakarar og lågaste talet nådde ein i 1997 med 10.

I tillegg til dei som tidlegare er nemnde, har følgjande fått idrettsmerkestatuetten: *Ingunn Hustad* i 1984, *Synnøve Myrbø og Kjell Sigmund Vestavik* i 1985, *Tove Lindseth, Magne Nyheim og Torill Nyheim* i 1986, *Anne Marie Hegdal* i 1989, *Ivar Lindseth* i 1990, *Palmer Sjøholm* i 1991, *Anlaug Male, Per Sigmund Henøen, Jorunn Sjøholm og Einar Skarvøy* i 1993. Alt i alt er det 29 som har oppnådd å få idrettsmerkestatuetten i I.L. Bryn fram til 1999.

Etter at det var slutt med den store utdelinga av idrettsmerkestatuetten i Oslo Rådhus, var det utdeling i kvart fylke, med det utdelingar i Molde. Dei aller siste åra er det einskilte idrettslag som skal stå for utdelinga lokalt. I Bryn har ein fått høve til å kome inn i 17. mai-programmet på Hustad med utdeling av dei ulike idrettsmerkeutmerkingane.

Av dei merketakarane som var registrerte i 1971, er det i dag berre Lillian Reitan og Sigmund Julshamn som står på idrettsmerkelista for 1999. Lillian har tatt merket kvart år sidan 1968. Ho tok også idrettsmerket dei åra ho var i Nepal, og resultat vart sende til trimgruppa i idrettslaget. Tre har i dag fått idrettsmerket sin hederspris som til no er siste utmerkinga, *Målfrid Reitan, Lillian Reitan og Sigmund Julshamn*. Målfrid Reitan har sidan 1988 vore ein av pådrivarane for idrettsmerket og har i alle år stått for registrering og innsending av resultat.

Turmarsjar

Bryn kom også etter kvart med som arrangør av turmarsjar. Det var som regel 3 marsjar for året, Romjulsmarsj, ein marsj på våren og ein om hausten. Dei siste åra før OL på Lillehammer var aktive marsjar med fleire arrangement i serien *Folket i form til OL*. I 1995 vart det arrangert fredsmarsj den 8. mai med mange fleire deltakarar som også var med på Fredsmarsjen i 1945. Oppslutninga om marsjane har vore noko dårlegare dei siste åra, og det har blitt til at trimgruppa har satsa på ein eller to marsjar for året. Det har vore størst oppslutning om marsjane som har vore arrangerte saman med friluftsgudsteneste

Friluftsgudsteneste

Det har etter kvart blitt ein tradisjon å arrangere friluftsgudsteneste på fjellet haust eller vår. Det eine året har ein vore oppe ved Olavsbu og det neste ved hytta ved Skottenvatnet. Dette samarbeidet med soknerådet i Hustad har vore vellukka. Trimgruppa har stått for kunngjering, eventuell merking av løyper, kaffikoking og servering av saft for tørste turgåarar. Trass i noko vekslende vertilhøve har det vore mange som har møtt opp. I det fine turveret hausten 1999 var det godt over 100 personar på friluftsgudstene oppe ved Skottenvatnet.



Glade fjellvandrarar på friluftsgudsteneste ved Olavsbu

Fjelltrim

Den trimaktiviteten i Bryn som har auka sterkest dei siste åra, er turar på fjellet. Det har i godt over 10 år vore lagt ut bøker for å registrere turgåarar på fleire av fjelltoppane i Bryn sitt område, Melen, Sjurvarden og Rautua og i tillegg ved Skottenvatnet. Ei tid var det også lagt ut bøker på Aslaksteinen og Horberget.

For å få enno fleire til å gå i fjellet, la trimgruppa også opp eit turorienteringsopplegg nokre år, men det vart for omfattande å halde det vedlike slik at det fungerte berre nokre få år. Ein hadde her lagt ut postar i området ved Rautua og Herskarvatnet, opp mot Melen, Stemshesten og ved Skottenvatnet og Skavatnet.

Etter at det vart anleggsveg opp til Skottenvatnet rundt 1982/83, har det vore ei aukande interesse for å gå opp på fjellet frå denne sida av fjellet. Dei aller siste åra er det lagt tilrette med rastebord og bruer over bekkane som kryssar vegen. Pensjonist *Oluf Baggen* har stått for ein del av dette arbeidet. Det å ta ein tur opp til Skottenvatnet har for mange blitt den faste trimmen ein eller fleire gonger for veka, og det er folk i alle aldrar som er registrerte som turgåarar, frå 5- 80 år. Siste registreringa som vart avslutta hausten 1998, viste at det hadde vore 620 besøk på Melen, 900 på Sjurvarden og 310 på Rautua. Og når det gjeld Skottenvatnet, var det i 1998 registrert **4140** turar. Ut frå dette så er det ikkje tvil om kva tiltak i Bryn som engasjerer flest folk til fysisk aktivitet. Oppbygginga av Olavsbu har også vore med på å få fleire til å ta ein fjelltur. Steinbua til Olav Hansen har for mange blitt eit ofte nytta turmål. Trimgruppa har lagt fleire av sine fjellarrangement til steinbua, mellom samlingar for å dele ut merke og diplomar til dei ivrigaste turgåarane frå året før.

Andre mosjons- og trimtiltak

Det har i alle år sidan nyskulen på Hustad vart teken i bruk, vore ulike tilbod om innandørs trim. Ein del har gått i idrettslaget sin regi og andre meir privat. Det har vore både dame- og herretrim. Dei aller siste åra har interessa for desse tilboda vore heller lita.

I samarbeid med Bud, Fræna og Hustad Sparebank og Møre og Romsdal idrettskrets har det i dei siste 7 - 8 åra vore tilbod til Hustad pensjonistforening om pensjonisttrimmen *Den Gylne Spaserstokk*. I tillegg har det vore fast trimopplegg på møta til pensjonistforeninga. Det aller siste tilbodet er friluftsturar for pensjonistforeninga med ein 2-timars ettermiddagstur opp til ein gong for veka vår og haust.

S K I I D R E T T

Ein skulle tru at eit idrettslag i eit område som låg heilt ute ved havet, ikkje hadde nokon skiaktivitet, men dette stemmer ikkje. Bryn har hatt ein del skiaktivitet. Sjølv om det er ein del av dei yngste som har drive aktivitet i bakkane på Tusten, kan ein seie at det er langrenn som har vore skiaktiviteten i Bryn.

Først og midt på 1950-talet vart det mellom anna arrangert langrenn på Skotten og oppe i Vassenden ved Hostadvatnet. Her hadde ein både hopp og langrenn.

Etter at sentralskulen vart bygd ved Nerlandsskiftet, var det området her som vart nytta til langrenn. I slutten av 1960-talet vart det arrangert langrenn frå skulen og innover mot fjellet, Horberget og Aslaksteinen. I denne tida hadde også Bryn deltakarar med i guteklassane i kretsrenn, men noko langrennsmiljø vart det ikkje. Noko seinare, på slutten av 1970-talet vart det arrangert fleire klubbrenn i området ved rundt Flygaren. Ein fekk no ein periode med gode snø-

forhold, og det vart ein del gutar som trena for langrenn og vart med på sonerenna som vart arrangerte i lysløypene rundt i Fræna og Eide. På det meste var det ein 6 - 8 gutar som var med saman med 2 - 3 vaksne. Bryn stilte også med fleire deltakarar i Frænameisterskapa i langrenn i fleire år først på 1970-talet og utover. Etter at det vart stilt større krav til løyper og utstyr og ein fekk fleire år med dårlege snøforhold, vart det slutt med dei lokale langrenna.

Dei siste 10 - 15 åra er det framleis brynarar som er med i langrenn. Det er mest i lokale turrenn dei er med på når ein ser vekk frå Birkebeinarane. Bryn har heilt sidan 1972 hatt deltakarar i Birkebeinerrennet. Først var det berre Sigmund Julshamn som var med, men etter nokre år kom Håkon Forthun med, og så kom Arvid Terje Hjelset, seinare Hans Inge Farstad, Stig Breivik var med i 1998 og i 1999 debuterte Martinus Lervåg.

Handballgruppa 1978-1999

Håndballgruppa startet i november 1978 og første styret besto av Anne Marie Hegdal som leder og med seg i styret hadde ho Britt Eli Tungehaug, Torbjørg Farstad, Kristin Stokke og Siri Haukås. Astrid Sandblåst og Wenche Årsbog var på varmannsplass. I januar 1979 trakk Anne Marie Hegdal seg ut av styret og Britt Eli ble valgt som formann/leder.

Damelaget startet treninga i november 1978 med trener Arne Gripp fra Molde. Men pga lang reise sluttet han etter et par måneder. Damene trente så på egen hånd inntil Tommy Fidje overtok. Han sluttet i august. Mariann Samuelsen fra Elnesvågen tilbød seg å trene videre mot at EIL,s 15 års lag fikk låne hallen til trening. 22. oktober samme år overtok Pia Gyldenskog treninga av damelaget.

I januar begynte jentetreninga med Anne Marie Hegdal som trener. Senere overtok Greta Haga. Fra oktober startet treninga for 8-12 års jenter med Torill Farstad som trener.

Det ble også innkjøp drakter (2 sett) pr lag. Både piker 15 år og damelaget ble påmeldt i serie. Damene ble uten poeng, mens jentelaget kapret 8. plassen med hele 13 poeng.

Som en påskjønnelse fikk pikelaget en tur til Trondheim på Talbot Mini Cup. I 1980 var det Nikoline Nerlandsrem som hadde overtatt formannsjobben. Damene kaprer noen poeng, mens P 15 fortsetter der de sluttet året før. Også P 13 kom godt i gang. Pia Gyldenskog trente laget sesongen 79/80. Etter dette tok Per Erik Fonkalsrud over. Han var selv tidligere 1. div.spiller. Alle trenere har så langt vært gratis, gruppa har bare utbetalt reisegodtgjørelse.

I sesongen 81/82 hadde gruppa med lag både i P13, P15 og Damer. Og framgangen var gledelig.

P15 ble nr 4 mot 8. plass året før. P13 ble nr 5 i sin første sesong. Damelaget hadde også framgang fra sin poengløse åpningssesong. Laget vant 3 kamper og endte nest sist. Brynjulf Hustad hadde tatt over treneransvaret for damelaget og delte også ansvaret for P15 sammen med Signe Havnes. Annlaug Gundersen trente P13. Ellers hadde gruppa deltakere med både på dommerkurs, lagleder-kurs og sekretariatkurs.

I 83-sesongen var Jorun Hustad formann. Dette året var det to lag i P14, der Bryn I ble nr 3. Damelaget ble nr 6, Brynjulf trener damene, mens Annlaug, Signe og Liv Solveig tar seg av rekrut-tene..

Ivar Sandblåst var formann i -84 og gruppa har 6 lag påmeldt: damelag (D5) og P16, P14, P12 og G14, første og eneste gang Bryn har hatt med guttelag i handball. Som en påskjønnelse for fin innsats fikk to 16-årslag tur til DET NYE-cupen i Drammen. Bryn slo ut både Elverum, Moelv og Tiller og ble nr 2 i sin pulje. Damelaget og P16 fikk det året Alf Pettersen fra Averøy som trener. Nå kjørte handballgruppa altså med 5 lag.

I november i 1985 lå faktisk damelaget til Bryn best an i serien, men for første gang registrerte gruppa underskudd på regnskapet. I 1986 hadde gruppa med 4 lag og dette året spilte damene seg opp fra 5. til 4. divisjon med Rolf Blomvik som trener. P16 ble nr 2, P14 nr 6 og P12 vant sin pulje det året. Gruppa arrangerte egen romjuls-cup og damene deltok i Børse-cupen. Handballgruppa kjøpte en 15-seters buss det året for å kjøre lagene til borter-kampene.

Ivar Sandblåst fortsetter som formann også i året -87. 5 lag er påmeldt og damelaget og P16 har igjen Alf Pettersen som trener.



14 års laget fra 1993 - 1994 Stående fra v: Veronika Eriksen (trener), Hilde Merethe Male, Nina Helberg, Marita Vågen, Unni Løkhaug og Therese Halås. På kne fra v: Mai Jorunn Morsund, Ramona Farstad og Therese Flataker.

Åsmund Amundsen tok over formannsjobben i 1988-89. Annlaug Gundersen trener damene og P16. Ellers er det May Lis Lindseth, Ann Kristin Gundersen, Catrine Olsen og Signe Havnes som har ansvaret for rekrutt-treninga. Seks lag er påmeldt. P12 er blitt kretsmester og damelaget kom på 4. plass.

Ståle Løkhaug har formannsansvaret i 1990, men allerede i februar trekker Ståle seg etter "uoverensstemmelser med hovedstyret", og Ivar Sandblåst overtar som "midlertidig" formann. Gruppa arrangerer julecup og er med i Peter Wessel-cup i Larvik og Midtnorsk Mesterskap i Selbu. Også Rosecupen får de med seg - og skikkelig interesse sammen med treningsiver gjør at hele to lag blir kretsmestere: P12A som i fjor, og damene toppet 5. divisjon. Annlaug trener damene og i de yngre lagene finner vi Janne Amundsen, Ann Helen Sandblåst, Gunnhild Lervåg, Anne Lise Male og Anne Lise Sandvik som trenere.

I 1991 er det Øyvind Nerland som har formannsvervet. Styret fordeler ansvarsjobber og arbeidsoppgaver til: festarrangement, Barnas Dag, cupturner, lotterisaker, treningstider, trenerspørsmål, spillermøter, klubb utvikling, aktivitetsplaner og tre-

ningsavgift. Rolf Blomvik trener damer og P16. Damene rykte desverre ned, mens P16 ble nr to. P14 ble suverene vinnere av serien samt sluttspillet og påskjønnelsen ble tur til Peter Wessel-cup i Larvik og til Midtnorsk på Hemnesberget.

I 1993 finner vi igjen Ivar Sandblåst med formannsklubba. Ann Kristin Gundersen og Eva Nerlandsrem er ansvarlige for trenerjobben til damene og P16. Men for lite spillere gjorde at en måtte trekke P12 laget fra kretsserien. Damer og P16 fikk tur til Orkdalcup der P16 vant sin klasse, mens damene endte på 3. plass, men ble nr fire i serien.



Damelaget. Fra venstre bak: Gerd Hilde Løvik, Sandra Gundersen, Tanja brevik, Katrine Skarseth, Cathrine Olsen, Heidi Myren og Eva Nerlandsrem. Foran fra v: Marita Midthaug, May Lis Lindseth, Vivian Sæther, Liv Anne Farstad og Ann Kristin Gundersen.

I 1994 er det Bendik Ove Nerlandsrem som har formannsansvaret og kona Eva trener Damene. Handball-lotteriet - der forbundet pålegger klubbene å selge lodd - går fortsatt noe tregt. Desverre må gruppa dette året trekke P16 fra kretsserien fordi laget har for lite spillere. P14 gjør det godt og laget får være med i Fakkelfstafetten før olympiaden. En bra sesong der damelaget spilte seg opp og vant til slutt over "erkerivalen" Elnesvågen.

Ivar Sandblåst overtar som formann igjen, men trakk seg og nestformann Erling Reitan tok over. Gruppa kjøper inn nye draktsett og bagger.

Damelaget utviklet et positivt sosialt samvær også utenfor banen, forteller årsberetninga. Var med på turneringer både i Kristiansund og Orkanger. Juleavslutninga ble lagt til Storholmen med senere vårlig avslutning i Kristiansund.

John Gautvik ble formann i 96/97-sesongen. Ann Kristin tok treneransvaret for Damer og P16, og Damene endte til slutt på 3. plass. Det viser seg etter hvert å bli litt vanskeligere å skaffe penger til drift. Dansetilstelningene som langt ut i 90-åra var en sikker inntektskilde, sviktet total. Loddene fra forbundet blir vanskeligere å selge for hvert år. Styret må engasjere seg mer i arbeidet med å skaffe penger til drift og treningsavgift må pålegges. Damelaget endte på 3. plass, mens P16 kom så vidt under middels.



Damelag med mange bragder for Bryn. Bak fra v: Annlaug Male, Trine Lervåg, Liv Solveig Løkhaug, Margareth Sandvik, Linda Sandblåst, Lilly Aas, Verinoka Sandblåst og Gunnel A. Lindseth. På kne fra v: Kristina Farstad, Kari Lyngstad, Ann Kristin Gundersen, Tone Marita Gundersen, Vibeke Reitan og Marit Reitan. Foran: To små som vil bære håndballen i Bryn videre i framtiden.

Odd Henry Sandblåst tok over våren 1997 og har gjort en god jobb med gruppa. I 1998 hadde gruppa med Damelag og P14 samt lag i aktivitetsserien. P16 laget måtte trekkes da gruppa ikke greidde stille med mange nok spillere. Svein Pedersen startet med å trene damene, men Ann Kristin Gundersen tok over etter kort stund. Målet var å bli blant de tre beste, det oppnådde

laget med glans. Et sammensveiset godt lag med tæl og som fortsatt kan brenne mye krutt når trengs, i følge treneren. Ann Elin Skutholm var oppmann for damene og Linda Havnes Farstad trente P14, mens Nina Helberg og Eva Nerlandsrem tok seg av aktivitetsserien. I fjor var det Ann Kristin som trente damelaget, mens Odd Henry tok seg av P14.

Styret fikk en lei sak i starten. Region Midt-Norge forlangte innbetalt en gjeld på kr 14.000.-, faktisk en gjeld som hadde stått ubetalt siden 1992-sesongen. Dette måtte betales før en fikk melde på lag. Ellers kom det inn en god del penger ved salg av reklameskilt i hallen, Barnas Dag og basar. Damelaget var på turnering til Orkdal før seriestart.

Odd Henry er også gruppeleder når vi feirer vårt 50-års jubileum. Desverre må handballgruppa gå inn i det nye tusenåret uten damelag. Det har vært vanskeligere i de siste åra å finne nok aktive til de ulike lag. Ellers er det fortsatt økonomien som er problematisk. Penger er -som i så mye annet- grunnlaget for drift og størrelsen på inntekten vil også avspeile aktiviteten i gruppa. Gruppa har fått satt opp en spilleautomat på Heimen Dagligvare, den har så langt gitt brukbart utbytte.

I inneværende år er det Inger Marie Male som trener P15. Kristin Male og Odd Henry Sandblåst har treneransvaret for P13, mens Eva Nerlandsrem og Heidi Nyheim tar seg av P 11. Renate Skutholm og Gunnhild Sørgård har ansvaret for 10-års laget.

Dette utgjør fire lag i aldersbestemte klasser Det skulle derfor ligge godt til rette for at vi melder på damelag igjen, kanskje allerede neste år.



Formenn i hovedstyret for idrettslaget Bryn gjennom



1949-1951	Alfred Johnsen
1952-1956	Peder Sandblåst
1956	Lars Lillevevang
1957	Iver Sandblåst
1958	Ove Farstad
1959	Einar Orø
1960	Knut Frantsnes
1961-1964	Herlof Farstad
1965-1966	Brynjulf Hustad
1967-1974	Herlof Farstad
1975-1979	Odd Hustad
1980-1981	Brynjulf Hustad
1982-1987	Herlof Farstad
1988-1989	Sigmund Julshamn
1990-1999	Herlof Farstad
2000 -	?



Kjære idrettsvenner og bygdefolk!

Som hovedsponsor for IL Bryn gjennom en årrekke vil vi gratulere Dere med **50 års Jubileet** og takke Dere for samarbeidet så langt og for at Dere valgte oss som bankforbindelse.

Vi har hatt mange samarbeidsprosjekt på gang gjennom årenes løp, på forskjellige nivå. I dag har vi «løpende» samarbeidsavtaler med 3 ulike grener i IL Bryn: Fotball, friidrett og håndball.

I lokalsamfunn i Fræna har idrett, foreninger og organisasjoner alltid hatt en sterk posisjon. Folk er knyttet til kulturell virksomhet ikke bare i en retning, med både innen idrett, musikk og andre aktiviteter samtidig.

BFH-Sparebank støtter aktivt opp om IL Bryn sine mange aktiviteter gjennom avtalefestet sponning, samt andre direkte og indirekte bidrag. Dette er i tråd med den idrettslige og kulturelle «oppbacking» som BFH har prioritert i lengre tid i Fræna Kommune.

Banken håper at dette vil være til nytte for spesielt barne- og ungdomsarbeidet, samtidig som vi håper å bidra til positive bindinger mellom enkeltmennesker. Hver på vår måte må vi alle bestreve oss på å være lagspiller med ansvar for at disse positive aktivitetene fortsetter.

Bud, Fræna og Hustad Sparebank er en bygdebank og kjenner derfor det ansvaret som lagspilleren har. Bygdebanken har vært på banen i Hustad/Farstad regionen siden 1903, da Hustad Sparebank ble stiftet. 96 år har gått siden den gang og mye er forandret siden da. Men, BFH-Sparebank er åpen for å tilpasse seg de nye forholdene og endringene i kundenes behov etter banktjenester, i takt med tiden.

Til alle folk i «Brynland», hjertelig tillykke med 50 års jubileet!

Velkommen innom din økonomipartner, BFH-Sparebank. Benytt oss, det lønner seg!

Vennlig hilsen

BFH SPARE BANK

Harald Mahle
Harald Mahle
Adm. Banksjef

Einar Henøen
Einar Henøen
Markedssjef